



**Møteprotokoll  
for  
Utval for levekår**

**Møtedato:** 12.05.2015  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 16:00 – 20:45

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Kåre Skibenes	KRF	Utvalseiar
Elna H Bjørndal	H	Nestleiar
Mabel Johansen	H	Medlem
Ørjan Kristiansen	FrP	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Medlem
Morten Sakstad	SAM	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem

Morten Sakstad (SAM) fekk permisjon frå kl. 18.00. Haakon Aase stilte som varamedlem frå kl. 18.00.

---

**Desse møtte frå administrasjonen:**

---

Helge Kvam  
Bente B. Kleiva og Eirik Utne i sak 18/2015 og sakene 22/2015 – 27/2015  
Kenneth Wie i sak 19/2015  
Mette Træland i sak 20/2015  
Reidun Johannessen i sak 21/2015

**Sakliste**

Saknr	Tittel
15/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
16/2015	Godkjenning av møtebok
17/2015	Referatsaker

- 18/2015 Orientering - status for Ungdomsråd i Meland
- 19/2015 Orientering - status og utvikling for pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) i Meland kommune
- 20/2015 Kapasitetsdel, barnehageplanen ny vurdering
- 21/2015 Utreiing skulestruktur Meland kommune - ei løypemelding
- 22/2015 Områdeadressenamn Holmemarka B9
- 23/2015 Områdeadressenamn Ospholmen, Meland kommune
- 24/2015 Oppstart av kartlegging og verdisetting av friluftsområda i Meland
- 25/2015 Orientering om friluftslivsprosjekta i kommunen
- 26/2015 Retningsliner for Kulturpris i Meland
- 27/2015 Ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg - 2015
- 28/2015 Evaluering av Utval for levekår
- 29/2015 Aktuelle saker

## **15/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

## **12.05.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 15/2015 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

---

## **16/2015: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjent.

## **12.05.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 16/2015 VEDTAK:**

Møtebok vert godkjent.

---

## **17/2015: Referatsaker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering.

## **12.05.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 17/2015 VEDTAK:**

Meldingane vert tekne til orientering.

---

## **18/2015: Orientering - status for Ungdomsråd i Meland**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår tek informasjon om arbeid med Ungdomsråd til orientering.

## **12.05.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 18/2015 VEDTAK:**

Utval for levekår tek informasjon om arbeid med Ungdomsråd til orientering.

---

### **19/2015: Orientering - status og utvikling for pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) i Meland kommune**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår tek informasjon om arbeid innan pedagogisk-psykologisk teneste i Meland til orientering.

## **12.05.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 19/2015 VEDTAK:**

Utval for levekår tek informasjon om arbeid innan pedagogisk-psykologisk teneste i Meland til orientering.

---

### **20/2015: Kapasitetsdel, barnehageplanen ny vurdering**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med planar om å byggje ein ny kommunal barnehage i Frekhaugområdet i samsvar med gjeldande økonomiplan. Endeleg tomteplassing vert å kome attende til når kommuneplanen er endeleg vedteken.»

## **12.05.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 20/2015 VEDTAK:**

Kommunestyret sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med planar om å byggje ein ny kommunal barnehage i Frekhaugområdet i samsvar med gjeldande økonomiplan. Endeleg tomteplassing vert å kome attende til når kommuneplanen er endeleg vedteken.

---

## **21/2015: Utgreiing skulestruktur Meland kommune - ei løypemelding**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmann sitt forslag til organisering av arbeid med skulestruktur godkjennast jamfør saksutgreiinga.

### **12.05.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR**

#### **ULK - 21/2015 VEDTAK:**

Rådmann sitt forslag til organisering av arbeid med skulestruktur godkjennast jamfør saksutgreiinga.

---

## **22/2015: Områdeadressenamn Holmemarka B9**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Holmemarka B9 får «Øvre Holsbergstien» som områdeadressenamn.

### **24.04.2015 UNGDOMSRÅDET**

#### **UR - 07/2015 VEDTAK:**

Ungdomsrådet tilrår at Holmemarka B9 får «Øvre Holsbergstien» som områdeadressenamn.

### **12.05.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR**

#### **ULK - 22/2015 VEDTAK:**

Holmemarka B9 får «Øvre Holsbergstien» som områdeadressenamn.

---

## **23/2015: Områdeadressenamn Ospholmen, Meland kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Gnr./bnr. 1/125 får «Ospholmen» som områdeadressenamn

## **24.04.2015 UNGDOMSRÅDET**

### **UR - 06/2015 VEDTAK:**

Ungdomsrådet tilrår at Gnr./bnr. får "Ospholmen" som områdeadressenamn

## **12.05.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 23/2015 VEDTAK:**

Gnr./bnr. 1/125 får «Ospholmen» som områdeadressenamn

---

## **24/2015: Oppstart av kartlegging og verdisetting av friluftsområda i Meland**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Oppstart av temakartlegginga «Kartlegging og verdisetting av friluftsområde i Meland» vert godkjend.

## **12.05.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 24/2015 VEDTAK:**

Oppstart av temakartlegginga «Kartlegging og verdisetting av friluftsområde i Meland» vert godkjend.

---

## **25/2015: Orientering om friluftslivsprojekta i kommunen**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår tar saka til orientering

## **12.05.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Saka vart handsama etter sak 26/2015.

Morten Sakstad (SAM) fekk permisjon frå kl. 18.00. Haakon Aase (SAM) møtte som varamedlem frå

kl. 18.00.

**ULK - 25/2015 VEDTAK:**

Utval for levekår tar saka til orientering

---

**26/2015: Retningsliner for Kulturpris i Meland**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Oppdaterte retningsliner for Kulturpris i Meland vert godkjende slike dei ligg føre i vurderinga

**12.05.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Endringsframlegg i møte v/utvalsleiar Kåre Skibenes (Krf):

Utval for levekår godkjenner følgjande retningsliner for kulturpris i Meland:

1. Utval for levekår kan ein gong kvar valperiode (siste året i valperioden) dela ut ein kulturpris til einskildpersonar eller lag/organisasjonar med tilknytning til Meland kommune.
2. Kulturprisen vert gjeven for særleg fortienstfull og aktiv innsats for kulturlivet i kommunen.
3. Utdelinga skal lysast ut i lokalpressa med høve til å koma med skriftleg framlegg til kandidatar. Frist for framlegg til kandidatar er 1. mars i aktuelt år.
4. Utval for levekår tek avgjerd om kven som skal få prisen. Kulturprisen kan delast på fleire dersom Utval for levekår finn dette rett. Utval for levekår er ikkje bundne av innkomne framlegg.
5. Kulturprisen skal vera ein spesiell kunstgjenstand. I tillegg vert det gjeve ein pengesum etter nærare vedtak.

Endringsframlegget vart einstemmig vedteke.

**ULK - 26/2015 VEDTAK:**

Utval for levekår godkjenner følgjande retningsliner for kulturpris i Meland:

1. Utval for levekår kan ein gong kvar valperiode (siste året i valperioden) dela ut ein kulturpris til einskildpersonar eller lag/organisasjonar med tilknytning til Meland kommune.
2. Kulturprisen vert gjeven for særleg fortienstfull og aktiv innsats for kulturlivet i kommunen.
3. Utdelinga skal lysast ut i lokalpressa med høve til å koma med skriftleg framlegg til

- kandidatar. Frist for framlegg til kandidatar er 1. mars i aktuelt år.
4. Utval for levekår tek avgjerd om kven som skal få prisen. Kulturprisen kan delast på fleire dersom Utval for levekår finn dette rett. Utval for levekår er ikkje bundne av innkomne framlegg.
  5. Kulturprisen skal vera ein spesiell kunstgjenstand. I tillegg vert det gjeve ein pengesum etter nærare vedtak.

---

## **27/2015: Ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg - 2015**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innstillinga til fordeling av ålmenne kulturmidlar i Meland kommune og tilskot til drift av idrettsanlegg 2015 blir godkjend slik den ligg føre i vurderinga.

### **12.05.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Saka vart handsama før sak 26/2015.

### **ULK - 27/2015 VEDTAK:**

Innstillinga til fordeling av ålmenne kulturmidlar i Meland kommune og tilskot til drift av idrettsanlegg 2015 blir godkjend slik den ligg føre i vurderinga.

---

## **28/2015: Evaluering av Utval for levekår**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Skriv framlegg her

### **12.05.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Varamedlem Haakon Aase (SAM) fekk permisjon frå møtet kl. 19.00, og var soleis ikkje med på handsaming av sak 28/2015.

Skrivet "Spm frå ordførar - evaluering av utvalet jfr notat 01.04.15" vart delt ut i møtet.

Utvalet vil gje følgjande uttale:

1. Arbeidet i utvalet er utført innan ramme gjeve i «Reglement for hovudutvala» datert 13.08.07. Utvalet har dei siste åra hatt fleire og ulike kontaktpunkt ut mot dei ulike teneste- og ansvarsområda inklusiv synfaringar og møtepunkt med mottakarar av ulike typer tenester. Dette er viktig med omsyn til å forstå nosituasjon og leggje politiske føringar for vidare overordna vegval. God og rett kunnskap er naudsynt for å gjere gode vedtak. Arbeidet til utvalet er viktig fordi ein her kan diskutere aktuelle saker innan arbeids- og ansvarsområdet



- tidleg og grundig. Dette er naudsynt både for dei saker som stoppar i utvalet, og med omsyn til saker som skal til vidare handsaming i formannskap og/eller kommunestyret.
2. Utvalet meiner at det pt. ikkje er trong for å endre gjeldande reglement for utvalet. Ein bør imidlertid kvalitetssikre at opplisting (12 punkt) av arbeids- og ansvarsområde til Utval for levekår vert oppdatert jamfør gjeldande organisering og nemning av gjeldande fagområde/tema.
  3. Utvalet meiner det bør vere noko fleire faste møte enn det ein har hatt siste tida. Det er betre med noko fleire møte og kortare saksliste, enn få møte og meir oppsamling av saker.
  4. Utvalet meiner ein bør halde fram med møtestart Kl 1600. Tema om møtestart bør og vurderast av ny samansetting av utvalet i ny kommunestyreperiode.
  5. Det som er viktig er at saker som naturleg ligg under ULK sitt arbeids- og ansvarsområde faktisk kjem til handsaming/høyring i utvalet før sakene skal endeleg handsaming i formannskap og/eller kommunestyret. Både formannskap og kommunestyret vil ha stor nytte av at ULK får gje tilrådingar i saksområde som gjeld utvalet sitt arbeidsområde – til dømes i saker om strukturelle endringar i kommunen (no sist aktuelt med skulestruktur).

#### **ULK - 28/2015 VEDTAK:**

1. Arbeidet i utvalet er utført innan ramme gjeve i «Reglement for hovudutvala» datert 13.08.07. Utvalet har dei siste åra hatt fleire og ulike kontaktpunkt ut mot dei ulike teneste- og ansvarsområda inklusiv synfaringar og møtepunkt med mottakarar av ulike typer tenester. Dette er viktig med omsyn til å forstå nosituasjon og leggje politiske føringar for vidare overordna vegval. God og rett kunnskap er naudsynt for å gjere gode vedtak. Arbeidet til utvalet er viktig fordi ein her kan diskutere aktuelle saker innan arbeids- og ansvarsområdet tidleg og grundig. Dette er naudsynt både for dei saker som stoppar i utvalet, og med omsyn til saker som skal til vidare handsaming i formannskap og/eller kommunestyret.
2. Utvalet meiner at det pt. ikkje er trong for å endre gjeldande reglement for utvalet. Ein bør imidlertid kvalitetssikre at opplisting (12 punkt) av arbeids- og ansvarsområde til Utval for levekår vert oppdatert jamfør gjeldande organisering og nemning av gjeldande fagområde/tema.
3. Utvalet meiner det bør vere noko fleire faste møte enn det ein har hatt siste tida. Det er betre med noko fleire møte og kortare saksliste, enn få møte og meir oppsamling av saker.
4. Utvalet meiner ein bør halde fram med møtestart Kl 1600. Tema om møtestart bør og vurderast av ny samansetting av utvalet i ny kommunestyreperiode.
5. Det som er viktig er at saker som naturleg ligg under ULK sitt arbeids- og ansvarsområde faktisk kjem til handsaming/høyring i utvalet før sakene skal endeleg handsaming i formannskap og/eller kommunestyret. Både formannskap og kommunestyret vil ha stor nytte av at ULK får gje tilrådingar i saksområde som gjeld utvalet sitt arbeidsområde – til dømes i saker om strukturelle endringar i kommunen (no sist aktuelt med skulestruktur).

---

#### **29/2015: Aktuelle saker**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

## 12.05.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR

1. Krf v/Kåre Skibenes: Ønskjer ei orientering om framdriftsplan for SWOT-analyse for skuleeigar. Skulefagleg rådgjevar Reidun Johannessen orienterte.
2. Krf v/Kåre Skibenes: Ønskjer ei orientering om status for etter- og vidareutdanning innan skulesektoren. Skulefagleg rådgjevar Reidun Johannessen orienterte.
3. SP v/Sølvi Knudsen:

"Hesteriding på tradisjonelle turstiar, ikkje ønskjeleg.

Det er i Meland mange turstiar som har vore i bruk i mange år. Samstundes er det mange områder som i dag får nye eller sterkt forbetra turstiar. Dette er viktig for innbyggjarane i Meland. Det er periodevis mykje nedbør og stiane vert prega av det. Av den grunn er det viktig at dei vanlege turstiane skal prioriterast for fotfolk og ikkje av ridehestar, då hestetråkk er svært øydeleggjande på stiane. Eg vonar difor at det vert skilta framfor dei turstiane som ikkje tåler hestetråkk. Det er nokre vegar utanfor allfarveg som tåler hestetråkk og dei må kunne stetta den trong ridande har for opplevingar "i det fri".

Dersom det er personar som ikkje kan koma seg ut i naturen generelt, eller på ein fjelltopp, på eigne bein, kan det gjevast dispensasjon i periodar der det er tørt og det gjer mindre skade på stiane. Slik dispensasjon gjeld sjølvstilt til dei som driv med riding og som har løyve til riding for personar med nedsett funksjonsevne.

Vonar at ULK kan be Kulturavdelinga sjå på denne saka og vurderer kva stiar som ikkje bør brukast av hesteriding og kva sti/vegar som kan brukast til føremålet. Dette bør gjerast i samråd med aktuelle lokalmiljø som kjent i området."
4. SP v/Sølvi Knudsen: "Utflytting etter dødsfall frå Meland Sjukeheim, Lerketunet og kommunal omsorgsbustad.

Personar som er busett i ein av dei nemnde bygningane, har flytta der til med møblar og ting, og det er med andre ord deira heim.

Når personar døyr og som har hatt sin heim på Meland sjukeheim, Lerketunet, eller i kommunal omsorgsbustad, vert pårørande, berre nokre dagar etter dødsfall beden om å rydda husværet.

Ei slik ordning kan ein ikkje akseptera. Det må verta gitt rimeleg tid for pårørande til å pakka ned og flytta ut frå det som har fungert som heimen til avdøde.

Eit minimum med tid må vera at ein slepp å halda på med flytting før den døde er gravlagt.

ULK ber om at det vert utarbeidd retningslinjer der ein tek omsyn til pårørande sine kjensler og at slike retningslinjer vert gjort kjent saman med anna informasjon når den einskilde bebuar flyttar inn.

Det må også vurderast opp mot kor lang tid avdøde har betalt husleiga eller for tenestene.

### ULK - 29/2015 VEDTAK:

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.

---